

Engelskmann

# attente

## 47 år etter breekspedisjon

**LUSTER:** Sommaren 1959 held John Price (20) til på Tunsbergdalsbreen saman med sju forskar-kolleagaer. Opphaldet i Sogn dokumenterer han med eit Voigtlander-kamera. 47 år seinare er han tilbake i Sogn for å gje bileta til Bremuseet i Fjærland.

Den unge ingeniørstudenten tek mange bilete, mest av breane og kollegaene,



**SLITSAMETURAR:** For å koma til Tunsbergdalsbreen gjekk forskargruppa frå Snøtun i Krundalen opp Røykjedalen. Dei gjekk fleire turar for å få med seg alt utstyret opp.

men også av sognesamfunnet anno 1959. I to månader var Price og eit halvt dusin forskarar på Tunsbergdalsbreen denne sommaren. Price returnerte til England og hadde så lite kontakt med resten av forskargruppa at han i dag ikkje hugsar namnet på dei fleste. I år var han attende i Noreg for første gong på 47 år.

– Eg meiner bileta høyrer heime her, seier John Price (67), som har gitt kopiar av bileta til Bremuseet. Price rota fram bileta på loftet heime hos seg sjølv, og såg at dei heldt god kvalitet. Difor har han og kona Pam har reist over Nordsjøen og teke inn på Fjærland Fjordstue. I Noreg har dei vitja Bremuseet og vore i Krundalen og teke bilete av Bergsetbreen. Price tok nemleg bilete av det nøyaktige samme utsnittet for 47 år sidan. Først og fremst viser biletet at Bergsetbreen har minka sterkt. Akkurat det er ikkje vit-skapsmannen det minste overraska over.

### Glad breen var der enno

– Då me kom hit i år, vart eg ganske letta då eg fann Tunsbergdalsbreen på kartet, seier Price, og ler.

Målet med ekspedisjonen den gongen var å måla rørselene til breen, og forskarane valde Tunsbergdalsbreen fordi den er den største dalbreen i Europa. Gruppa hadde fleire turar til Noreg, men Price var berre med ein gong. Forskarane sette opp måleinstrument og fleire små vardar som kanskje står der enno. Men å koma seg fram til breen var mykje slit.

– Me kom til Hermansverk og lasta utstyret vårt i ein lastebil. Me hadde to tonn med utstyr med oss. Me kørde til Snøtun i Krundalen, og der gjekk me mange turar opp og ned Røykjedalen med utstyr på ryggen, seier Price. Han tok mange bilete frå turen, og bileta viser eit heilt anna Sogn enn i dag.

Price har lagt merke til at mykje framleis står, som til dømes gamle hus på småbruk i Krundalen. Men han har også sett atgroinga i det norske kulturlandskapet.

**Tøff tur**  
– Alt er skog no. Me kunne sjå fem-seks sel, men resten

er skogland, seier Price. Turen opp Røykjedalen er ikkje for folk utan god kondisjon. Price skildrar ruta som vanskeleg, og turane tok fleire timar. Price trur framleis det er mogleg å koma seg opp på Tunsbergdalsbreen gjennom Røykjedalen. Forskarane budde i ei hytte på stølen i nokre veke, og gjekk opp og ned dagleg for å frakta opp utstyret. Noko av utstyret vart også montert der.

– Me måtte laga såkalla «Stevenson screens», som er eit skur for v?rmålingsinstrument. Me sette dei på fleire plassar. Me hadde til og med graspletter med som dei stod på, for at instrumenta skulle ha nøyaktig same tilhøva, seier Price.

Dei ulike instrumenta kunne måle graden av rørsle i breen. Forskingsprosjektet, som var i regi av universitetet i Nottingham, var ganske omfattande og gjekk over mange år. Rapporten vart først publisert i 1966.

– Eg skulle gjerne visst om instrumenta framleis står der. Neste sommar kan det hende me tek ein helikoptertur for å sjå, seier Price. Unge Price og dei andre gjekk uredde til forskingsverket, og Price humrar litt over tanken på at dei kanskje ikkje alltid var så varsame. Price syner fleire vakre bilete frå hulrom inni og under breen.

– Me gjekk under isen, og det er jo svært risikabelt. Men eg kan ikkje hugse at eg var redd, seier Price.

### – Paradis

Price har vore på fleire spennande ekspedisjonar enn breturen i Noreg. Han har vore på Matterhorn i Sveits, dykka i det djupe havet ved Port Sudan i Rødehavet.

Ekteparet Price var ikkje mange dagane i Noreg denne gongen, men er likevel slått over naturtilhøva i Sogn.

– Dette er berre eit paradis. Det er så stille, og fjella er så inspirerende. Fjordane og fjella er så kraftfulle at ein ikkje kan klara å øydeleggja det sjølv om ein skulle ville det. Ein kan sivilisera det, men ein kan på ingen måte endra Noreg.

**Keth Øren**  
keth.oren@sognavis.no



**KOMTILBAKE:** Engelskmannen John Price kom attende til Noreg for å donera ei samling flotte bilete frå Sogn, teke i samband med eit breprosjekt i 1959. Her er Price (til venstre) med to forskarkolleagaer på Tunsbergdalsbreen. (Alle foto: John Price).



**I LAND PÅ HERMANSVERK:** Dei engelske ekspedisjonsmedlemmene kom til Hermansverk med utstyret, og reiste sidan med lastebil. Biletet er frå kaia på Hermansverk, og mannen i framgrunnen og mannen med flosshatt tilhøyrer forskargruppa. Dei andre trur Price er lokale born. Nokon som kjenner seg att?



**VITJA FJÆRLAND:** John Price var i sommar tilbake i Sogn, nesten 50 år etter bretoktet. Saman med kona Pam vitja han Fjærland, bresenteret og nokre av plassane han var på i 1959. Og det gamle Voigtlander-kameraet var med. (Foto: Keth Øren)



**FØR:** Bergsetbreen sommaren 1959. Seinare kom John Price attende og tok bilete frå same staden.....



**NO:**... seinsommaren 2006, med nøyaktig det same fotoapparatet. Bergsetbreen har blitt mindre, og kulturlandskapet har endra seg mykje på 47 år.